



KREFTFORENINGEN

Sogndal kommune
Postboks 153
6851 Sogndal

arnstein.menes@sogndal.kommune.no

Sogndal, 2. mars 2021

Arnstein Menes

SØKNAD OM STØTTE TIL KRAFTTAK MOT KREFT 2021

Me på Sogndal VGS søker med dette om støtte frå Sogndal kommune til innsamlingsaksjonen Krafftak mot kreft, som i år går av stabelen 6. til 14. mars. I samarbeid med Kreftforeningen jobbar me for å samle inn pengar til Krafftak mot kreft. Russen og dei vidaregåande skulane i landet er Kreftforeningens viktigaste samarbeidspartnar i aksjonen og me her på Sogndal VGS jobbar for å samle inn mest mogleg til denne aksjonen.

I år vert aksjonen tilpassa den spesielle situasjonen me lev i, så også i år vert aksjonen heildigital. Aksjonen i fjor var akkurat komme i gong då Noreg stengte ned og resultatet bar sjølvstakt preg av dette. Derfor er årets aksjon spesielt viktig og Kreftforeningen har bestemt at årets innsamlingsføremål også skal vere kreftformer som få overlev.

Kreft angår oss alle. I Vestland var det i 2019 4.394 mennesker som fekk den tunge meldingen om at dei hadde fått kreft, og heile 36 042 mennesker i fylket lev med og etter kreftsykdom. Sjølv om tre av fire nordmenn overlev kreft, skjuler det seg store forskjellar bak statistikken. Det er framleis fleire kreftformer som svært få overlev. Berre to av ti overlev lunge-, galleblære-, lever- og spiserøyrskreft og éin av ti overlev bukspyttkjertelkreft. Pengane som samlast inn skal gå til kreftforskning for å bidra til at fleire overlev, og til gode omsorgstilbod for pasienter og pårørende.

For meir informasjon om årets tema og om kva tidlegare innsamla middel har gått til, besøk nettsida til Kreftforeningen: <https://kreftforeningen.no/krafftakmotkreft/>

Svar kan sendes til oss på blhjellhaug@gmail.com. Kontonummer som kan benyttes ved evt. støtte er Kreftforeningens nummer 1503 07 66056 – Merk med 451014 som er skulen sitt aksjonsnummer. Om de ønsker å få tilsendt faktura så ordnar Kreftforeningen det.

Me håpar at Sogndal kommune også vil engasjere seg og bidra i denne aksjonen. Ta gjerne kontakt om de har spørsmål.

Med vennlig helsing,
Krafftak mot kreft komiteen,
Birthe Lerum Hjellhaug
Emilie Helland
Elena Lereng
Jannicke Kjølven Hauglum.

Sogndal VGS

